



DALE IL HANDBALL – ÅRSMELDING 2012



Bilder: Øvst til venstre - Damelaget etter opprykk til 3.divisjon. Øvst til høgre - sosialt samvære for J11. Nede til venstre – nok ei vellukka turnering for mini/G10. Nede til høgre – 2. plass i Årstadcup for J18.

STYRET

Styret i handballgruppa har vore samansett slik:

Leiar:	Ola Hovland
Skrivar og omberammingsansvarleg:	Ola Hovland
Kasserar:	Sverre Martin Stensæth
Kiosk/plakatar:	Trude Boge
Utdanningskontakt/trenarkontakt:	Mette Kvamme
Dommarkontakt og kiosk:	Torill Øen Vik
Andre ressurspersonar/leiing:	
Sportsleg leiar:	Jonny Pedersen

OPPMENN OG LAGLEIARAR

I sesongen 2012/13 har vi stilt med følgjande lag, oppmenn og lagleiarar.

På dei fleste aldersbestemte laga har fleire spelarar frå damelaget vore med som trenarar.

Damelaget	Anne Lise Ullebø
	• Lagleiar: Einar Carlson Berg og Jonny Pedersen
Jenter 18	Hildegunn Bjørvik
	• Lagleiar: Jonny Pedersen og Einar Carlson Berg
Jenter 16	Janne Økseberg
	• Lagleiar: Thea Nistad Sunde
Jenter 15	Randi Engen
	Lagleiar: Sigrid Strand
Jenter 12	Ingunn Hilde Hovland
	• Lagleiar: Arlen Solheim
Jenter 11	Nina Aas
	• Lagleiar: Marit Øen
Gutar 10	Ingunn Eiken
	Jonny Pedersen + jenter 16 og damelaget
Jenter 10	Karina Helle
	• Lagleiar: Marita Solheim

Minihandball J/ G 7-9 Kjetil Felde

- Lagleiar: Trude Boge + foreldre

Handballgruppa har over 130 utøvarar fordelt på 8 lag i serie og 7 lag i minihandball. Noko som er ein auke i høve fjoråret. I tillegg til utøvarar frå heile Fjaler har vi og utøvarar frå Hyllestad og Høyanger.

Dette betyr at i høve til innbyggertal er Dale blant dei største klubben innan handball i Sogn og Fjordane (jf idrettskrinstinget 2011).

Treningstider hausten 2012 – (vinter/vår 2013)

Handballen sine treningstider, dvs. 10,45 timar pr. veke, har vore fordelt slik:

Måndag, 3 timar – J/G 10 og J15/16/Damer

Tysdag, 3 timar – J11/12/15

Torsdag, 4,45 timar – alle gruppene (frå mini til damer)

Dette gir om lag kun 1 time pr. lag pr. veke.

ANNLEGG (Hallkapasitet, lagerplass og banedekke)

I og med at tal utøvarar og tal lag har auka ser vi at det ikkje er nok kapasitet i hallen til å få treningstid slik vi ynskjer. Frå i fjor har handballen redusert tid i hallen med meir enn 10%. Dette går utover den yngste gruppa der det blir mange born og vanskeleg å få til eit tilfredsstillande opplegg.

Sjølv med komprimering og samanslåing av årsklassar er dette ei utfordring. Oppgradering og utviding av anlegget er svært positivt.

Handballgruppa ber om at ein ved planlegging av neste sesong vurderar bruk av andre kapasitetar/gymsalar for dei lagidrettane som dette kan høve for.

MØTER (STYRE, TRENARAR, OPPMENN, FORELDRE)

Det har vore 5 møter i 2012, 3 styremøter der oppmennene har vore med på eitt. Eitt møte for oppmenn for samt eit foreldremøte (19.3.12). Tema på møta har vore evaluering, drift, planlegging og klubb utvikling. I tillegg til styremøta har representantar for styret og eller trenarar representert handballgruppa på styremøte i idrettslaget og diverse sone- klubbmøter i regi av handballregionen.

KLUBBUTVIKLING

Resultat 2011/12

Damelaget, fylkesmeistrar i 4. divisjon og opprykk til 3. divisjon.

J18 nr 2 i regionsmeisterskapen.

J16 vart nr. 3 i (fylket)

J14 vart nr. 6 i 1. divisjon (fylket).

J12 vart nr 5 – 2 poeng frå 3. plass (fylket).

J10 og G10 spelar ikkje tabell. J10 gjennomført sesongen veldig bra – mange singlar. G10 møtte tøff motstand og opplevde dessverre ein del tap.

Minihandball – oppimot 7 lag frå Dale deltok i 5 turneringar fordelt over haust og vår.



J18 – nr 2 i regionsmeisterskapen etter tap mot norges beste J18-lag – Fana.

SPELARUTVIKLING:

Dale har hatt fleire deltakarar på SUM (soneutvikling) og RUM (regionalutvikling)-samlingar, Bylag (dei beste frå RUM) Jeanette Øksenberg og Kjerstin Boge Solås og Regional landslagssamling – Kjerstin Boge Solås.

KOMPETANSEHEVING

Det er gjennomført dommarkurs i regi av Dale Vidaregåande Skule.

CUP/TURNERINGAR

Alle laga har delteke på ein eller fleire turneringar i løpet av sesongen (sjå årsmeldinga frå laga). Det har vore lag med på følgjande turneringar; Årstad sin åpningscup i Bergen (august), Førde Cup (september) og Førde sin julecup (desember).

J16 spelarane deltek (etter å ha gått vidare i kvalifiseringa) i Bring-serien (landsdekkande serie for J16) i lag med spelarar frå Førde.

INNTEKTSBRINGANDE TILTAK - ØKONOMI

- Blomstertorget (1 g., 5 dagar), Elis (1 g.)
- Kiosksal på andre arrangement.
- Billett og kiosksal på heimekampar
- Faste sponsorar

Gruppa har hatt tilfredsstillande økonomi dei siste åra, men fleire aktive utøvarar og opprykk til 3. divisjon set krav til auka inntekter.

ANDRE AKTIVITETAR

Sosiale samankomstar i samband med avslutning av sesongen.

På Dale IL sine nettsider er det lagt ut relevant informasjon som handbøker, rutiner, informasjon om kontaktpersonar og link til tabellar.

For sesongen 2012/13 er partnerskapsavtale med Årstad i Bergen erstatta med Førde for J16 og Damelaget. J16 deltek på Førde sitt lag i Bringserien samtidig som nokre av våre spelarane har vore med Førde og spelt 2. divisjonskampar. Laga køyrer og fellestreningar.

I løpet av sesongen har det vore tatt i bruk «fairplay-vert», ein ansvarleg for arrangementet som har ansvar for at spelarar, lagleiarar, tilreisande publikum og dommarar skal få ei hyggjeleg oppleving. Spesielt dommarane har gitt positive tilbakemeldingar på dette.

STATUS OG PLANAR FOR 2012-13

Planane framover blir å jobbe vidare med bakgrunn i det gode arbeidet som er i gruppa. Det sportslege nivået har utvikla seg til å blir svært bra og alle **laga som spelar serie/tabell kjempar i toppen av sine puljar. Allikevel vil vi understreke at det viktigaste for klubben er å behalde flest mulig spelarar så lenge som mulig. Vi ser at dette er krevjande når det små årskull og mange aktivitetar som ungane skal delta på.**

Innsatsen kommande år(a) vil vere retta mot kompetanseheving og rekruttering av trenarar og dommarar.

Samarbeid med andre klubbar (J16 og J18) i samband med klubb og spelarutvikling er aktuelt å vidareføre slik som i dag.

Sportslig plan - Verdival:

1. *Håndballgruppa sine aktivitetar skal styrast av glede, felleskap, respekt for kvarandre, helse og ærlighet.*
2. *Alle laga er like viktige for håndballgruppa.*
3. *Vi ynskjer å få til eit godt samarbeid med andre idrettar og fysiske aktivitetar slik at det samla tilbodet og kvaliteten vedrørande idrett og fysisk aktivitet blir best muleg for innbyggjarane i Fjaler kommune.*

Mål og handlingsplan 2009-13, vil bli rullert vinter/vår 2013.

APPLAUS

Avslutningsvis vil eg rette ein stor takk til alle. Med det meiner eg trenarar som ofrar mykje fritid, leiarar, styremedlemer, oppmenn, foreldre, publikum og sjølvstøtt spelarane sjølve.

Stor takk til sponsorar og støttespelarar.

Dale, 24.2.13 - Ola Hovland -Leiar for hanballgruppa-